



**TRE ORD TE DE** tonar frå valdres

**marit mattisgard**



■ ■ ■ Det står ei bok i hylla mi som er heilt utsliten.  
Permane heng og sleng, og lause blad flagrar.  
Valdrestonar heiter boka, og ho har vore mitt faste  
følge i snart 15 år. Det byrja med at far min meinte eg  
burde titte i ho, fordi eg lenge hadde vore interessert  
i folkesong, og ynskte meg fleire songar å velja i. Som  
vanleg når far min seier eg bør gjera noko, var eg  
ikkje spesielt ivrig etter å gjera det, men som vanleg  
gjorde eg det etterkvar likevel. Og det har eg ikkje  
angra på. Kvar gong eg slår opp i den boka, finn eg  
noko nytt. Det er rett og slett magisk, ei bok som veks  
i lag med meg – ei utømmeleg kjelde.

Det var Øystein Gaukstad som tok på seg arbeidet  
med å samle og systematisere over 1300 melodiar  
nedskrivne frå midten av 1800-talet fram til 1970-  
talet av ulike samlarar som Ludvig Mathias Lindeman,  
Olaus Islandsmoen, Erik Eggen og Øystein Gaukstad  
sjølv. Samlinga utgjer eit godt supplement til den  
levande folkesongtradisjonen og Valdres Folke-  
musikkarkiv. Valdrestonar kom ut i 1973 og dette er  
min vesle hyllest til 30-åringen!

Folkemusikken gjev godt rom for møte mellom  
generasjonane. I arbeidet med denne utgjevinga, der  
utgangspunktet har vore å finne songar for barn og  
unge, har eg ofte tenkt at desse tonane i grunnen  
ikkje har nokon aldersgrense. Eg har plukka blant  
dyreviser, lattestev, ballader og båndlåtta, og presen-  
terer dei åleine eller saman med tonar frå tradisjo-  
nelle folkemusikkinstrument. Tekstene er stort sett sikk  
eg har funne dei som følgje til notane, nokre gonger  
har eg funne fleire vers andre stader. Målformene  
varierer noko etter kvar i Valdres visa er frå, og eg har  
stundom valt å forme teksten etter mitt eige talemål,  
som vel er mest prega av Øystre Slidre-målet.

■ ■ ■ Among my books there is one that is almost  
worn out. The cover sags and the leaves are  
loosening. The books name is Valdrestonar and it  
has been my companion for almost 15 years. It all  
started when my father advised me to look in to it. I  
had been interested in folksong for a long time, and  
wanted to learn more. As usual, when my father  
urged me to do something I was not to eager but  
also as usual, I started after a while to follow his  
advice. I haven't repented this. Every time I open  
the book I find something new. It's like magic—a  
never ending source.

In this book Øystein Gaukstad presents over 1300  
melodies transcribed by several collectors and  
himself. The book is a valuable supplement to the  
living folksong tradition and the recorded collection  
in Valdres Folk Music Archive. Valdrestonar was  
published in 1973, and this CD is my homage at the  
30th-anniversary.

I have chosen examples of different types of  
songs, like children's songs, ditties and ballads, and  
present them alone or with tunes played on folk  
music instruments. The words are mainly those I  
have found with the written music. Sometimes I  
have found more verse somewhere else. The dialect  
varies somewhat depending upon the place of  
origin within Valdres. In some cases I have chosen to  
adapt the words to my own speech, with roots in  
Øystre Slidre.

The basis of written music gives you considerable  
freedom in interpreting the folk songs, and  
recorded songs and living tradition is a good  
guidance. The risk of losing valuable elements in  
these old pearls is always there. And sometimes

Å laga folkemusikk av notar gjev i grunn stor friheit i utforminga, og arkiv og levande kjelder er gode korrektiv. Men sjølv med god folkemusikalsk ballast kan ein koma til å miste vakre og viktige nyansar i dei gamle perlene. Til gjengjeld vil kreativt minne, smak, og musikalsk påverknad stundom føre melodi eller rytmе utover dei rammene notegegrunnlaget set. Nokon fasit er dette difor ikkje. Men det er mi von at denne utgjevinga kan vera ein liten snakebit på alt Valdrestonar har å by på for liten og stor.

Takk til Berit, Ellen Marie, Magne Olav og Rolf for song og spel, resten av familien og Einar spesielt for tålmod, barnepass og gode råd, Heidi og Rune i StudioStabbur for godt stell og godt humør og Anders og Frode i Ta:lik for støtte, engasjement og pågangsmot.

creative memory and personal taste can influence the result. Anyway I hope this CD can give a little taste of what Valdrestonar can offer for children as well as adults.

I thank Berit, Ellen Marie, Magne Olav and Rolf for wanting to take a part in this. Thanks also to the rest of the family for patience, child care and good advise and to StudioStabbur and Ta:lik for their brave support.





### **1. Ko æ det før ei liti mor**

TradArr: Mattisgard

Båndlåtta etter Karoline K. Skattebu (Eggen, 1930) og Marit E. Hermundstad (Eggen, 1930)

Ko æ det før ei liti mor  
so hulla burtmed nøvo  
Det æ vesle Magnill vår,  
ho går o gjæte høno

Ko æ det før ei liti mor  
so hulla burti myro  
Det æ vesle Ambjørn vår,  
ho går o gjæte kyro

Ko æ det før ein lit'n gut  
so rugga burti haugo  
Det æ vesle Ola vår,  
han går o gjæte sauo

strøndo/lømbo  
beito/geito  
iso/griso... osb.

## **2. Svein Svane**

Arr: Mattisgard

Gåtevise etter Kirsti O. Haugen (Eggen, 1931) og Rangdi Moen (Eggen, 1931).

Svein svane han vandra  
all verde umkring  
der møtte det hono  
ein liten vandringsmand  
hør du min liten vandrar  
ko e vil seiā de  
e har no eit spørsmål  
so e vil spørja de

Ko æ rundar ell rundaste hjul  
ko æ vakrast utå alle kreatur  
ko æ kvitar ell svanin  
o ko ropa høgar ell tranin

Sole æ rundar ell rundaste hjul  
Engladn æ vakrast utå alle kreatur  
Månin æ kvitar ell svanin  
Tora ropa høgar ell tranin

## **3. No æ det non**

Arr: Karlberg/Mattisgard

Lokkesull og lattestev etter Inger Juvkam (Islands-moen, 1949), Guri N. Fosheim (Sandvik, 197?) og Ingebor A. Sørum (Lindemann, 1848). Munnhørpe-låtten er Røyskatten etter Olav Viken m.flere.

No æ det non,  
sole står i ro'n  
Maten åt gjætslebødno  
ligg i sukketro'n  
Suli luli lui, suli luli lui,  
suli luli lui

Har du 'kji høppa so høppa du no  
Va du 'kji galin so dansa du 'kji so  
Sudli udli udli du, sudli udli udli du

Har du 'kji høppa so høppa du 'kji no  
Vøre du 'kji galin so flaug du 'kji so  
Surli ullam surli du,  
surli ullam surli du  
Suttam surlite duttam surlite  
duttam surlite duttam surlite du

#### **4. Øystein o grisen**

Arr: Mattisgard

Skjemteballade etter Marit E. Hermundstad  
(Eggen, 1929). Teksten er bygd på variantar frå fleire  
kantar av landet.

Han Øystein sprang både su o nord

Faralla la

:/: O grisen møtte o' kor'n for

Faralla la :/:

O grisen han hadde tryne

Ei mil va han i syne

O grisen han hadde mage

Stor som ein prestehage

O grisen han hadde føta

Tjukke som eikerøta

O grisen han hadde rove lang

Ho rokk frå her te Amsterdam

O grisen han hadde rovetipp

Han sløng o daska kor'n gikk

O grisen pissar ein liten skvett

O femta kvedne dei gikk so lett

O grisen gjorde ein liten lort

O femta hesta dei trakk 'n bort

#### **5. Den store kråka**

Arr: Mattisgard

Dyrevisa etter Marit E. Raabøl (Lindeman, 1865) og  
Knud O. Rogne (Lindeman, 1865). Mellomspela er  
bygd på Langebergglätten i form e. Bergljot Hedda  
Lunde. Teksten er etter tonekjeldene, samt Anna  
Fuglesteg, Syvert Storruste og Jon Ødegård.

Han Lars han vilde åt skoge gå

Tralala lia

Der fekk'n sjå den kråka grå

Tralala lia tralala lia

O Lars han tenkte med sjølve se

Ska tru den kråka vil drepa me

O Lars han spende sin bøge før nje  
so skaut'n den kråka so ho datt ne

O kråka ho datt ni' n djupe dal

Då kan du tru det vart fælt te smal

So spende dei fere føladn tre

Dei rikka 'kji kråka i nokort le

So spende dei fere føladn tølv

Då køyrdé dei kråka so jorde skølv

So flo dei kråka o lemma ho sund

Ho vog myljo seksta o tjuge pund

Tå kråkun vart det ein fæle rett

So femta fanta dei åto se mett

Å vil du no veta kem kråka flo

Det va 'o gamle Kari o'n vesle Jon

## **6. Brumbrasken i bumba**

TradArr: Mattisgard/M.O.Selland

Bådnlått og lattestev etter Andris E. Vang (Lindeman, 1848) og Gulllik Kirkevoll (Gaukstad, ca.1970). Felelåtten er Sørr Myrelåtten, også kjent under namnet Katta sat på taket i form etter Andris A. Dahle.

Brumbrasken i bumba,  
katta slær uppå trumma  
Fire mysa dei gå i dans  
so heile jorde ho dundra

Katta sat uppå take  
Tala te sene døtta  
Ko ska me o veten vera  
Mø frjøse so på våre føta

Katta sit uppå take,  
tala te sene døtta:  
Ko ska mø gjera i vinterdaga,  
ska mø reise te Danmark?

O me sko reise te Dannemark,  
Kjøpe sko før ei heile mark  
Trim trim o trim trim  
trim pepar kødn

## **7. E stuta ein stat**

TradArr: Mattisgard/M.O.Selland

Småstubar etter Ingebor A. Sørum (Lindeman, 1848) og Gunhild Kyrkjebakken (Eggen, 1930). Felelåtten er Sylkjegulen etter Bendik i Nø'n i form etter Torleiv Bolstad og Olav Moe.

E stuta ein stat,  
e venta me ein gut  
Kjeme norante  
E kokte graut,  
han hogde ved  
O låg hjå me  
på heimstøle

O guten min han æ kink o kåt  
Han sprett som killinga i skoro  
Med ring på fingeren med duller i  
Med dubbelt krukkekje med tuster i  
han står på jorde som ein blome  
han vil no vissele koma

## **8. Han Ola min**

Arr: Karlberg/Mattisgard

Stubb etter Ingebor O. Leira (Lindeman, 1848). På munnhørpe og langeleik: Ulsetlåtten e. Berit Pynten (Lindeman, 1865)

Han Ola min kom norate  
med gule sjinnbroken  
o njappa ved nje  
Han låg hjå me o gjette fe  
E kokte 'n graut i fløta' n flaut  
e vippa mitt hår o la det i ring  
o reiste so heimatt  
te kjæresten min



## **9. Ola dilt Ola dalt**

Arr: Mattisgard/B. Selland

Regle etter Ingrid Skattebu (Eggen, 1931). Fyrste fløytelåtten er Kom hit Ola min e. Ingebor M. Tomtene (Lindeman, 1862)

Ola Dilt Ola Dalt,  
Ola spekjisild o salt  
Ola jammeribrok  
Din elendige krok  
Før den østen du tok  
o den dalar'n du stal  
o den skreppa du bar  
uti Hallingdal

Ola Dilt Ola Dalt  
Ola Spekjisild o salt  
Kor låg du i natt,  
uppå ljøra du sat  
nie øska du datt ,  
unde sjinnfellen smatt  
Ja der låg du i natt!

## **10. Din lange fant**

Arr: Karlberg/Mattisgard

Låttestev etter Berit Pynten (Lindeman, 1848). Vers 2 og 3 er dikta av Rolf Karlberg. Låtten er etter Elisabeth Kværne og Helge Myrheim.

Din lange fant ko røtin du æ  
Ko lang o lei o røtin du æ  
Din lange fant ko røtin du æ

Din vesle snyl e høyre de  
E høyre ko du seie te me  
O her æ ko e svara de:  
So litin o lei o stygge du æ

Ko ska mø gjera du o e  
So alder kan halde fred  
Sudla du...



## **11. Mehanken o fløga**

Arr: Mattisgard/M.O.Selland

Dyrevisa etter Andris E. Vang (Lindemann, 1848). Felelatten er Jenta med garde etter Torleiv Bolstad.

Mehanken sende try ord te de

Med eit brunt auga

E vilde so gjedne hava de  
Fløga fager o fin går i dans, fløga

O e vil inkji hava de  
E æ no alt før go før de

Før ner e site ved Herremanns bord  
Då kreke du i hestelort !

Mehanken syrde i daga tre  
Fløga ho ynktist, e får vel ta de

Mehanken sprang upp lystig o glad  
Fløga ho seie ho vil me ha  
Mehanken rei se ut på ein hest  
Ba kleggji o fløgo te bryllaupsfest

Mehanken dansa o helt se gla  
Han slyngde ein styvert i fela!

## **12. Jenta vilde gifte se**

Arr: Mattisgard/B. og E.M. Selland

Skjemtevise etter Andrø E. Vang (Lindeman, 1848).

E vil ingin spelemann ha  
då e kan inkji danse  
Men e vil me ein skraddar ha  
so søyma fine kransa

Hei hoppsja falleli la,  
hei hoppsja falleli lala la  
Hei hoppsja fallelia,  
hei hoppsja fallelila

E vil ingin skraddar ha,  
då lyt e perse kluta  
Men e vil me ein slaktar ha  
då får e fine stuta

E vil ingin slaktar ha  
då lyt e skrapa tarma  
Men e vil me ein bryggjar ha  
då får e øl i kanna

E vil ingin bryggjar ha  
då lyt e sjyle tynner  
Men e vil me ein prestemann ha  
so skrifta me frå synder

E vil ingin prestemann ha,  
e ha 'kji manga synde  
Men e vil me ein snikkar ha,  
då får e nya sengji

E vil ingin snikkar ha  
då lyt e slipe høvla  
Men e vil me ein skomakar ha  
då får e nye støvla

E vil ingin skomakar ha  
før han ha bek på finge  
Men e vil me ein gullsme ha  
før ha ha ring på finge

Um mednadn ner e står upp  
då står han ve mi sie  
O krusa upp min gule løkk  
statt upp mi vesle pike

E æ so lystige o gla,  
no har e kjærest fonne  
E håpa o e meina det  
at e ha spelet vønne!

### **13. Min vesle hund**

Arr: Mattisgard/B. og E.M. Selland

Vise etter Andris E. Vang (Lindeman, 1848). Knud Nordlands vals e. Berit Pynten (Lindeman, 1865).

Min vesle hund har me so kjær,  
so snart e på 'n kalla,  
han trast på timin færí æ  
o me te fote felle.

Ner e æ burte syrji han  
o vil 'kji eta nokor grand.

Min vesle hund har me so kjær,  
han kjeme ner e kalla

O ner e kjeme heimatt  
Han i dans i kring me leikji  
Han gjøyr o flyge att o fram  
Han stansa o me sleikji  
Han vispa med sin lødne svans  
Rett so'n hadde vett o sans  
Min vesle hund har me so kjær  
Han kjeme ner e kalla

### **14. Løva løva line**

TradArr: Mattisgard

Solbøn etter Ola K. Alfstad (Alfstad?, 1918).

Løva løva line o line

Gud gje sole måtte få skine o skine  
Over de over me  
over tøpp over tre  
over åker over eng  
Over Jomfru Maris seng  
Over alle som bu på jorden



## **15. Næmingen den unge**

Arr: Mattisgard

Ballade etter Ragnhild O. Viken(Lindeman, 1848) og  
Gullik J. Skavelden (Lindeman, 1848).

Næmingen tok bøgin på sin bak  
o pilekørge ved si sie  
so monne han se åt fjello gå  
han visste vel eit bjødnahie  
Næmingen den unge kunna på skio renne

Femta kvite bjødna skaut'n  
Før sole ho gikk ne  
O sole skrei i dagen lei  
O lange va vegen der heim

So gik han se i berge inn  
Alt dit so elden mon skine  
Derinni site den deilige gyger  
o kara med nasa i elde

Sit du her du deilige jyger  
o kara med nasa i elde  
å vil du låne me hus i natt  
e æ so seint ute i mot kveld

Ja hus i natt det ska du få  
o turke ska e fillo dene  
so ska e ut på lande rie  
te bryllaupe vårt å beæ

Han leitte ute, han leitte inne  
han leitte i kor ei ro  
O der såg'n lykladn  
der hekk dei både store o små

So leste han upp den fyste døre  
so leste han upp den are  
so leste han upp den trea døre  
derinni sat jamfruga fanga

So tok'n sylv, so tok'n gull  
sette jamfruga bak på skio  
so rende dei over dei høge fjell  
o nedatt over dei låge  
Næmingen den unge kunna på skio renne



## **16. Bådnsullar**

TradArr: Mattisgard


Bådnsullar etter Geirtrud Karlsgot (Islandsømoen, 1946), Gullik Kirkevoll (Gaukstad, ca. 1970) og Gudbrand Alfstad (Støylen, 18?).

So ro rugge,  
gjeva bådne tugge  
So ro renne  
gjeva bådne spenne  
Nye hoso nye sko  
so ska bådne heimatt ro  
Te'n gamle gommo

So sulla mø ein liten gut  
Han æ no so svær te o væte se ut  
Sullam lullam leia  
vesle kroppen kleia  
So sulla mø ein liten gut  
Han æ no son åt TrondeKnut  
Sullam lullam leia  
Vesle kroppen kleia

So reise mó på stølen  
So kjeme Gudbrandsdølen  
So reise mó på stølen  
So kjeme Gudbrandsdølen  
No sørna vesle guten





**Prosjektleiing:** Frode Rolandsgard, Anders E Røine og Marit Mattisgard

**Produsent:** Anders E. Røine **Innspilt og mikset i:** www.studiostabbur.no ved Rune M. Glimsdal **Mastering:** Lydmuren AS **Produksjon:** Lindberg lyd AS **Språkkonsulent:**

Magny S. Karlberg **Engelsk omsetjing:** Rolf O. Karlberg **Grafisk Design:** Eva Karlsson

**Tekstilstofa:** Sidsel Røine **Utøvarfoto:** Esther S. Bergene **Økonomisk støtte:** Etnedal kommune, Ingvar Hegge, Nord-Aurdal kommune, Nord Aurdal Mållag, Norsk Folkemusikkfond, Rådet for folkemusikk og folkedans, Valdres Folkemusikkgruppe, Valdres Folkemusikklag, Valdres Mållag, Vang kommune, Vestre Slidre kommune, Øystre Slidre kommune, Øystre Slidre Sparebank, Øystre Slidre Spel og Dansarlag.

